

Fra boken "Husmannstid og husmannsfolk" av Arnfinn Engen, Dølaringen Boklag 2001. s. 53, s.55:

Andre plikter

"(...) I svært mange kontraktar, for ikkje å seie dei fleste, går det att eit fast krav om at husa, gjerda og jordvegen på plassen skulle haldast ved like av husmannen. «Pladsen skal dyrkes vel og ikke forringes paa Huuse eller Jordvei.» «Bemeldte jordvei [-] dyrkes for-svarligen og holdes i Hævd med forsvarlige Gjærder eller Haffælder.» Dette var altså et krav frå jordeigaren om at den som leigde jorda ikkje skulle forringe den. Kravet om gjerde rundt plassen eller mellom plassen og garden vart nok også stilt for at dyra til husmannen eller andre ikkje skulle trenge inn på dyrka mark eller andre stader der dei ikkje hadde rett til å hamne. Det finst også døme på at det vart kravd gjerdeplikt på ei viss strekning som ein del av plassavgifta.

Kravet om at plassen og jorda der ikkje måtte forringast kjem også fram når det i mange kontrakter blir sagt at avlinga på plassen måtte brukast på plassen, og at gjødsla ikkje måtte seljast vekk, men måtte førast attende til jorda på plassen. «Ligesom Avlingen altid opgives paa Pladsen og ingen Deel deraf sælges eller bortforpagtes til Andre, heller ikke maa Gjødtsel sælges eller paa anden Maade bortføres fra Pladsen.» «Afgrøden maa ikke sælges eller bortføres derfra og den samlede Gjødtsel altid forblive paa Pladsen.» Dette kravet var først og fremst stilt for å hindre at jorda vart utpint ved at den ikkje vart tilført gjødtsel (...)

S. 55: "(...) Ein husmann frå Gausdal som hadde fått plass på ei vårseter, måtte gi husbonden rett til hus når han arbeidde på vårsetra. Ein annan husmann måtte gi husbonden førsteretten til kjøp av gjødsla frå plassen. Og fleire husmenn måtte gå med på å gi husbonden panterrett i plassen som tryggleik for avgifta. Om husbonden trong spesielle ting, om det var spesielle naturgitte forhold, eller om husmannen kunne spesielle ting, kunne altså det gi bakgrunn for spesielle krav i kontrakten.